



Masfjorden kommune

Innkalling av Eldrerådet

Møtedato: 26.06.2019
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 13:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast til Sveinung Toft per tlf.
561666218/40924790 eller per epost til
Sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 004/2019 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 005/2019 Godkjenning av møtebok
- 006/2019 Referatsak
- 1 Møteprotokoll - fylkeseldrerådet 14.03.19
- 007/2019 Referatsak

19. juni 2019

Terje Myrvang
møteleiar

Helga Ellingsen
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		19/392

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2019	Eldrerådet	PS	26.06.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Journalposttittel

Protokoll - Eldrerådet - 07.03.2019

Dato

20.03.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 07.03.2019
Møtestad: Møterom kommunehuset
Møtetid: 14:00 - 16:30

Ivar Haukeland møtte i staden for Terje Myrvang som har bedt om fritak

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Inger Jåstad	Krf	Medlem
Ingunn Einestrånd		Medlem
Karstein Totland Ivar Haukeland	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Terje Myrvang	H	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen og lærling Camilla Hjelmeland som førte møtebok

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

001/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
----------	---------------------------------------

002/2019	Godkjenning av møtebok
----------	------------------------

003/2019	Referatsak
----------	------------

001/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

07.03.2019 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - 001/2019 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2019: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

07.03.2019 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - 002/2019 VEDTAK:

Møtebok frå 13. september 2018 vert godkjend.

003/2019: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

07.03.2019 ELDRERÅDET

Innkomne saker til Eldrerådet frå Ivar Haukeland

1. Krav om betre tannhelse for eldre

Saka vart drøfta

2. Gjeld klage på mangelfull snøbrøyting hjå eldre folk i Masfjorden kommune

Saka vart drøfta

3. Underskrivne avtaler - tenner for livet

Helse og omsorgsleiar, Helga I Ellingsen informerte om kommunen sine avtaler om tannbehandling til utsette grupper.

4. Vedrørande tannhelse

Pensjonistforbundet i Hordaland er opptekne av at eldre må få gratis tannbehandling, og bedt kommunen om at saka blir lagt fram for eldrerådet. Saka vart drøfta

5. Møteprotokoll . Fylkeseldrerådet 04.12.18

Saka vart lagt fram til orientering

6. Protokoll frå fylkeseldrerådet 17.01.19

Saka vart lagt fram til orientering

7. Årsmelding for Eldrerådet i Masfjorden kommune for 2018

Årsmeldingar vart delt ut i møtet og drøfta.

ER - 003/2019 VEDTAK:

1. Krav om betre tannhelse for eldre

Eldrerådet ber ordføraren synleggjera for fylkeskommunen dei ulemper ein sentralisert tannhelseteneste har påført eldre og foreldre til born når dei treng besøkja tannlege. Utanom at Eldrerådet har gode forslag til teneleg betring finn me det rett å peika på den svært lite tenelege ordninga me har i dag.

2. Gjeld klage på mangelfull snøbrøyting hjå eldre folk i Masfjorden kommune

Eldrerådet støttar framlegg frå Indre Masfjorden pensjonistlag. Og ber formannskapet / kommunestyret syte for at det vert laga ei ordning med snøbrøyting frå bustad til bilveg, for eldre og andre som har bruk for slik hjelp.

3. Underskrivne avtaler - tenner for livet

Eldrerådet tar avtaler om tannbehandling til vitring.

4. Vedrørande tannhelse

Eldrerådet tar saka til vitring

5. Møteprotokoll . Fylkeseldrerådet 04.12.18

Eldrerådet tar saka til vitring

6. Protokoll frå fylkeseldrerådet 17.01.19

Eldrerådet tar saka til vitring

7. Årsmelding for Eldrerådet i Masfjorden kommune for 2018

Eldrerådet tar årsmeldinga til vitring

Rett utskrift frå møteboka frå Eldrerådet 07.03.19 vert vitna:

Karstein Totland
utvalsleiar

Helga I. Ellingsen
Helse- og omsorgsleiar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		19/392

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2019	Eldrerådet	PS	26.06.2019

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		19/392

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2019	Eldrerådet	PS	26.06.2019

Referatsak

1. Møteprotokoll - fylkeseldrerådet 14.03.19

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset
Dato: 14.03.2019
Tidspunkt: 09:30 – 14:10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Odd Himle	Medlem	SN-H
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Gunvor Opedal	Medlem	PF
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Merknader

Synnøve Solbakken gjekk frå møtet 13:30.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Marielle Solheim	som møtesekretær
Ingrid K. Holm Svendsen	kst. fylkesrådmann
Rune Haugsdal	prosjektleiar
Arild Sondre Sekse	seniorrådgjevar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 16/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 17/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 18/19	Godkjenning av sakliste		
PS 19/19	Referatsak (meldingar)		
RS 5/19	Nytt fast medlem i fylkeseldrerådet	2018/16480	
RS 6/19	Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 - resultat og vidare bruk	2018/17430	
RS 7/19	Svar på innspel til Verdighetskonferansen	2018/16480	
RS 8/19	Nytt svar frå Helse Vest om oppnemning til brukarutval	2018/16480	
RS 9/19	Oversikt økonomi 2018	2018/16480	
PS 20/19	Ymse		
PS 21/19	Val av leiar	2018/16480	
PS 22/19	Tredje utkast til årsmelding 2018	2018/16480	
PS 23/19	Høyringsvar - ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom	2018/16480	
PS 24/19	Aktivitørfaget som fagskuleutdanning	2018/16480	
PS 25/19	Invitasjon frå Nestor til eldreråds kurs	2018/16480	
PS 26/19	Invitasjon til den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd 2019	2018/16480	
PS 27/19	Transport under Vestlandskonferansen	2018/16480	
PS 28/19	Endring av datoar for AU-møte	2018/16480	
PS 29/19	Invitasjon til orientering i neste møte 11.04.19.	2018/16480	
PS 30/19	Høyring - NOU 2018:16 - det viktigaste først (prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane)	2018/16480	
PS 31/19	Høyring - forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.	2018/16480	

PS 16/19 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Møteinnkallinga vart godkjend utan merknader.

PS 17/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Møteprotokollen frå 17.01.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 18/19 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Sakslista vart godkjend utan merknader.

PS 19/19 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

RS 5/19 - RS 9/19 vart refererte.

PS 20/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Monrad Reigstad (PF) løfta opp temaet eigenandel for fotpleie for eldre. Mange eldre, og då særskild diabetikarar, treng av helsemessige orsaker regelmessig fotpleie. Prisane for slik fotpleie er for høge og burde vere omfatta av ei eigenandelsordning. Fylkeseldrerådet vil følge opp dette innspelet i neste møte.

Orienteringar

Ingrid Holm Svendsen, konstituert fylkesrådmann, og **Arild Sondre Sekse**, seniorrådgjevar, orienterte om identitetsprosjektet, som søkjer å utarbeide felles verdiar og ein felles identitet for nye Vestland fylkeskommune. **Rune Haugsdal**, prosjektleiar for regionreforma, orienterte vidare om prosessen og status for fylkessamanslåinga.

Odd Himle (SN-H) refererte frå møtet i koordineringsgruppa Leve hele livet som gjekk føre seg i Førde 21.02.19. Etter tilråding i møtet i Førde vil Odd Himle stille til kommunale møte i Hordaland i samband med prosjektet 12., 13., og 14. juni.

Monrad Reigstad (PF) refererte frå dialogmøtet om viktige vegval for Vestland fylke som gjekk føre seg på Amalie Skram vgs. 04.02.19.

PS 21/19 Val av leiar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV) sette fram følgjande forslag:

«Gunda Falao Sparre vert leiar, og Monrad Reigstad vert nestleiar.»

Røysting

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Gunda Falao Sparre vert leiar, og Monrad Reigstad vert nestleiar i fylkeseldrerådet i Hordaland.

PS 22/19 Tredje utkast til årsmelding 2018

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Inger M. Lingjerde (PF) peika på at det er skrive feil på s. 7: Det skal stå *Helse Vest*, ikkje *Hordaland*.

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Årsmeldinga vert godkjend med merknaden til Lingjerde, og skal trykkast i 100 eksemplar.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Årsmeldinga vert godkjend med merknaden til Lingjerde, og skal trykkast i 100 eksemplar.

PS 23/19 Høyrings svar - ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslaget til høyrings svar slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Monrad Reigstad (PF) sette fram følgjande forslag (a):

«Endringsforslag til bolkaner under overskrifta «§3»:

Fylkeseldrerådet i Hordaland er tilfreds med at eldrerådsmedlemmer nå får same rettigheter som folkevalgte. Det må føre til at kommuner og fylker tar ansvaret for opplæring av eldrerådene mer alvorlig enn de har gjort hittil.

Nevnte erfaringer med opplæring av eldrerådene gjør oss likevel bekymret for at hver enkelt kommune og KS fortsatt ikke vil prioritere opplæring av eldrerådene. Det er derfor av avgjørende betydning at veilederen understreker at fylkeskommunene og kommunene nå må ta opplæringsansvaret for medvirkningsorganer seriøst, som for fylkesting- og kommunestyrerepresentanter.

Samtidig som medlemmene av eldrerådene får bedre opplæring, er det viktig at politikere og administrasjon får nødvendig kunnskap om rådenes rolle og rettigheter. Med innføring av ny kommunelov og innlemming av eldrerådene i denne, forventer vi at det blir økt oppmerksomhet om rådenes rolle og rettigheter for flere enn eldrerådsmedlemmene. Vi foreslår derfor at veilederen anbefaler fylkeskommunene og kommunene å gjennomføre opplæring av eldrerådene sammen og samtidig med opplæring av politikere og administrasjon.»

Inger Lingjerde (PF) og **Gunvor Opedal (PF)** sette fram følgjande forslag:

«Tilleggsforslag til bolkaner under overskrifta «§3»:

Fylkeseldrerådet foreslår at eldreråd, politikere og administrasjon får felles opplæring.»

Odd Himle (SN-H) sette fram følgjande forslag:

«Ordet *nøgd*, under §3, endrast til *meiner det er viktig*.»

Monrad Reigstad (PF) sette fram følgjande forslag (b):

«Endringsforslag til bolken under overskrifta «§4»:

Fylkeseldrerådet i Hordaland sin erfaring er at sammenslåinger er vedtatt uten at organisasjonene eller rådene ble tatt med på råd.

§4

Organisasjonen skal tas med på råd:

«Kommunen eller fylkeskommunen kan opprette ett felles råd for eldre og personer med funksjonsnedsettelse hvis det er vanskelig å få opprettet to separate råd. Etablerte råd for eldre og for personer med funksjonsnedsettelse i kommunen eller fylket skal bli hørt før kommunestyret eller fylkestinget avgjør om det skal opprettes ett felles råd.»

I høringsnotatet (s. 16) står det at «Den klare hovedregelen er separate råd, felles råd er kun mulig når det er vanskelig å få opprettet to separate råd», samt at «terskelen for å opprette felles råd skal være høy, og forbeholdt de tilfeller hvor f.e ks. Ikkje er mulig å finne nok medlemmer som kan påta seg et slikt verv.». Fylkeseldrerådet i Hordaland er enig i dette og ønsker derfor at forskriften blir enda tydligere på at terskelen må være høy og at sammenslåing kun skal være unntak. Om ordlyden i forskriften beholdes mp dette fremkomme av den emdfølgende veilederen.»

Fylkeseldrerådet sette i samråd fram følgjande forslag:

«Endringsforslag til bolken under overskrifta «§4»:

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at hovudregelen skal være separate råd, og at samanslåing av eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne berre skal kunne skje når det ikkje er mogleg å opprette to separate råd.

Samanslåing skal berre skje i samråd med dei involverte partane.»

Monrad Reigstad (PF) trakk sitt forslag (b).

Røysting

Reigstad sitt forslag (a) fekk 1 røyst (1PF) og fall.

Lingjerde og Opedal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Himle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkeseldrerådet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre med nemnde endringar, slik at bolkane under overskriftene §3 og §4 vert som følgjer:

§3

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er viktig at det blir slått fast at råda *skal* gjevast tilstrekkeleg sekretariatshjelp. I notatet blir det omtalt kva som naturleg kan liggja i sekretariatshjelp. Synspunkta vert støtta.

Kva med opplæring og vegleiing?

I §3 saknar fylkeseldrerådet i Hordaland nokre punkt om opplæring av råda. Det burde, etter vår meining, framgå av forskrifta at råda *skal* verta gitt innføring i lovar og reglar, sakshandsaming etc i starten av perioden, slik at det ikkje blir opp til kvar enkelt kommune å

avgjera om slik opplæring skal bli gitt. Fylkeseldrerådet foreslår at eldreråd, politikere og administrasjon får felles opplæring.

I høyringsnotatet, pkt 3.4 side 10 vert det opplyst at det er utarbeid vegleiarar og rundskriv for eldreråd. Slikt bør alle råda få, og det bør inngå i materiell for opplæring.

§4

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at hovudregelen skal vere separate råd, og at samanslåing av eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne berre skal kunne skje når det ikkje er mogleg å opprette to separate råd.

Samanslåing skal berre skje i samråd med dei involverte partane.»

PS 24/19 Aktivitørfaget som fagskuleutdanning

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit støttebrev til Bergen kommunale eldreråd.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«Tileggsforslag:

Fylkeseldrerådet sender brev til Hordaland fylkeskommune med oppmoding om å opprette utdanninga på fagskulenivå.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Falao Sparre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit støttebrev til Bergen kommunale eldreråd, og dessutan eit brev til Hordaland fylkeskommune med oppmoding om å opprette utdanninga på fagskulenivå.

PS 25/19 Invitasjon frå Nestor til eldrerådskurs

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet sender ikkje deltakarar til eldrerådskurset.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet sender ikkje deltakarar til eldrerådskurset.

PS 26/19 Invitasjon til den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd 2019

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Monrad Reigstad (PF) sette fram følgjande forslag:

«Alle rådsmedlemene og sekretær reiser, dersom høve.»

Synnøve Solbakken, Gunvor Opedal og Inger M. Lingjerde presiserte at dei ikkje har høve til å delta.

Røysting:

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet sender fire representantar, samt sekretær.

PS 27/19 Transport under Vestlandskonferansen

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Det er ikkje naudsynt å booke transport på førehand.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det er ikkje naudsynt å booke transport på førehand i samband med Vestlandskonferansen.

PS 28/19 Endring av datoar for AU-møte

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at AU-møtet 07.05.19 utgår, og fastsett 22.03.19 og 27.05.19 som nye møtedatoar for arbeidsutvalet.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at AU-møtet 07.05.19 utgår, og fastsett 22.03.19 og 27.05.19 som nye møtedatoar for arbeidsutvalet.

PS 29/19 Invitasjon til orientering i neste møte 11.04.19.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag (a):

«Opplæringsavdelinga vert invitert til å orientere om skulebruksplanen og aktivtørfaget.»

Inger Sjong (FL H/FRP/V/MDG) sette fram følgjande forslag:

«Skyss vert invitert til å orientere om korleis dei tenker om kommunikasjon over fylkesgrensene, og i nye Vestland fylkeskommune.»

Odd Himle (SN-H) sette fram følgjande forslag:

«Regionalavdelinga vert invitert til møtet 19. juni.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag (b):

«Økonomiavdelinga vert invitert til møtet 19. juni, ettersom det er særleg aktuelt i samband med budsjettet for felles fylkeseldreråd.»

Røysting

Falao Sparre (a) sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sjong sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Himle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Falao Sparre (b) sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Opplæringsavdelinga og Skyss vert inviterte til møtet 11.04.19, og regionalavdelinga og økonomiavdelinga vert inviterte til møtet 19.06.19.

PS 30/19 Høyring - NOU 2018:16 - det viktigaste først (prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane)

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit forslag til høyrings svar som vert handsama i rådsmøtet 11.04.19.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit forslag til høyrings svar som vert handsama i rådsmøtet 11.04.19.

PS 31/19 Høyring - forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit forslag til høyrings svar som vert handsama i rådsmøtet 11.04.19.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit forslag til høyrings svar som vert handsama i rådsmøtet 11.04.19.

Fra: Folkevalde <folkevalde@hfk.no>
Sendt: tirsdag 19. mars 2019 13:46
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: Til eldrerådet: protokoll frå møte i fylkeseldrerådet 14.03.19
Vedlegg: Protokoll FYEL 14.03.19.pdf

Ver vennleg og sjå vedlegget.

Med vennleg helsing

Marielle Solheim
Administrativ sekretær
Fylkessekretariatet
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Mob: 989 06 038
www.hordaland.no

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-025, TI-&10	19/400

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2019	Eldrerådet	PS	26.06.2019

Referatsak

Journalposttittel

Brev til eldrerådene , frivillighetsentralen og eldresen (L)(124623)
Saksliste til møtet i fylkeseldrerådet 19.06.19 (L)(125722)
Brev til eldreråda frå Pensjonistforbundet april 2019
Brev til eldrerådene LEVE HELE LIVET April 2019 (L)(123016)
ShowDmbDocument

Dato

19.06.2019
19.06.2019
19.06.2019
19.06.2019
19.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Referatsaker;

1. Brev dagsett mai 2019 « Ønsker dere foredrag høsten 2019» til eldreråda frå Pensjonistforbundet, sjå vedlegg.
2. Brev dagsett april 2019 «Leve heile livet» til eldreråda frå Pensjonistforbundet, sjå vedlegg.
3. Protokoll fylkeseldrerådet sitt møte 11. april 2019, sjå vedlegg.
4. Saksliste til møtet i fylkeseldrerådet 19.juni 2019, sjå vedlegg.
5. Drøfting knytt til utkøyring av strøsandsekker til eldre folk i Masfjorden.
6. Gebyrer knytt til einslege minstepensjonistar i Masfjorden kommune
7. Ymse

Til eldrerådet, frivillighetssentralen og eldresenteret i din kommune

Mai 2019

Ønsker dere foredrag høsten 2019?

Pensjonistforbundet ønsker at eldre skal få en bedre forståelse av hvilke muligheter som ligger i reformen Leve hele livet og velferdsteknologien plass i reformen. Vi tilbyr derfor tre ulike foredrag/kurs med Leve hele livet og velferdsteknologi som tema. Leve hele livet, velferdsteknologiens plass i Leve hele livet eller kun velferdsteknologi.

Vi inviterer oss til å komme til dere for å holde foredrag i ett eller begge temaene høsten 2019. Vi har ledig kapasitet i november og desember.

Vi dekker våre egne utgifter, og tar ikke honorar. Ta kontakt med prosjektleder Tone Bye på mail; tone.bye@pensjonistforbundet.no mht spørsmål om kurs eller foredrag.

Et foredrag tar 1,5 -2,5 timer og kurset varer enten 3 eller 5 timer. Dette er valgfritt.

Foredragene/kursene vil gi introduksjon i følgende tema;

- **Leve hele livet:**
- En gjennomgang av de mest sentrale områdene vedrørende reformen Leve hele livet
- En liten workshop, hvordan jobbe videre med reformen i vår kommune.
- **Velferdsteknologiens plass i reformen;**
- En gjennomgang av reformen og hvordan velferdsteknologi kan være en plattform for å lykkes med reformen lokalt
- En liten workshop, hvordan jobbe videre med reformen
- **Velferdsteknologi;**
- Hva ligger i begrepet velferdsteknologi og hvordan velferdsteknologi kan fremme mestring og aktivitet
- Hvilke utfordringer velferdsteknologi kan forebygge
- Gode eksempler på ulike typer teknologiske løsninger
- Teknologi og bolig – risikorydding
- Hvordan sette velferdsteknologi inn i kommunens tjenester til eldre til det beste for brukerne.

Foredragene er utviklet på bakgrunn av tilbakemeldinger fra brukere, ansatte, samarbeidspartnere og relevante kunnskapsaktører på feltet.

Målgruppen for kursene/foredragene er hjemmeboende eldre, pårørende og frivillige. Ansatte og politikere vil også ha nytte av foredragene og kursene.

Vi ønsker at foredragene holdes på naturlige møteplasser i deres kommune. Kursene skal bidra til en bedre forståelse av hva reformen Leve hele livet og velferdsteknologi kan bety for Eldres livskvalitet og selvstendighet. Det har også et formål om å forebygge ensomhet og øke nettverket og den sosiale kontakten blant eldre. Bedre informasjon om Eldres muligheter bidrar også til at eldre kan bo lengre hjemme.

Ved å bruke dagens Eldresenter og naturlige møteplasser for eldre som kurssted vil vi få en mulighet til å øke det sosiale engasjementet og deltagelsen blant eldre i lokalsamfunnet.

Med vennlig hilsen



Pensjonistforbundet

Tone Bye
Prosjektleder i Pensjonistforbundet

Sakliste

Utvals- saknr	Innhold	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 44/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 45/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 46/19	Godkjenning av sakliste		
PS 47/19	Referatsak (meldingar)		
RS 15/19	Uttaler frå årsmøtet til pensjonistforbundet Hordaland	2018/16480	
RS 16/19	Intervjureferat frå forvaltningsrevisjonen av TT-ordninga i HFK	2018/16480	
RS 17/19	Tilbakemelding på høyringssvara til Seniorplanen til Bergen kommune	2018/16480	
RS 18/19	Budsjettstatus for FYEL og utgifter til Vestlandskonferansen	2018/16480	
PS 48/19	Ymse		
PS 49/19	Invitasjon til presentasjon av FYEL i Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter	2018/16480	
PS 50/19	Høyring - NOU 2019:10 - Openhet i grenseland	2018/16480	
PS 51/19	Evaluering av Vestlandskonferansen 2019	2018/16480	
PS 52/19	Evaluering av den nasjonale eldrerådskonferansen 2019	2018/16480	
PS 53/19	Haustkonferansen 2019	2018/16480	
PS 54/19	Invitasjonar til orienteringar i neste møte for fylkeseldrerådet	2018/16480	

Fra: Sveinung Toft
Sendt: 19. juni 2019 12:47
Til: Sveinung Toft
Emne: Brev til eldreråda frå Pensjonistforbundet april 2019
Vedlegg: Brev til eldrerådene LEVE HELE LIVET April 2019 (L)(123016).pdf

Til eldrerådet i din kommune

April 2019

Leve hele livet

Regjeringen la «Leve hele livet» den 4. mai 2018. www.levehelelivet.no

Reformen skal bidra til:

- at eldre kan mestre livet lengre, oppleve god kvalitet og ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det
- At pårørende kan bidra uten at de blir utslitt
- At ansatte opplever at de kan bruke sin kompetanse i tjenesten og gjøre en god jobb

Kvalitetsreformen skal settes på dagsorden i både kommunene og fylkeskommunen i 2019. Kommunene og fylkeskommunen skal kartlegge egne behov og utfordringer når det gjelder innsatsområdene for «Leve hele livet». 2019 et viktig år når det gjelder å involvere brukerne selv og deres pårørende. Arbeidet med reformen er nå i gang og ditt eldreråd kan følge Helsedirektoratets jobbing med reformen på vedlagte nettside;

<https://helsedirektoratet.no/leve-hele-livet-kvalitetsreformen-for-eldre>

Formålet med nettsiden er å gi generell og oppdatert informasjon om arbeidet med reformen. Som en del av dette arbeidet har Helsedirektoratet lagd et nyhetsbrev. Det neste kommer i midten av mai.

Lykke til med reformen «Leve hele livet»

Med vennlig hilsen



Pensjonistforbundet

Tone Bye
Prosjektleder i Pensjonistforbundet

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gate 5
Dato: 11.04.2019
Tidspunkt: 09:30 – 13.10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunvor Opedal	Medlem	PF
Odd Himle	Medlem	SN-H
Gunda Falao Sparre	Leiar	LOP
Monrad Reigstad	Nestleiar	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Solberg	Inger M. Lingjerde	PF

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Marielle Solheim	som møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 32/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 33/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 34/19	Godkjenning av sakliste		
PS 35/19	Referatsak (meldingar)		
RS 10/19	Høyrings svar - Eit eldrevennleg Bergen - Seniorplan for Bergen kommune 2019 - 2024	2018/16480	
RS 11/19	Høyrings svar - Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024	2018/16480	
RS 12/19	Brev frå FYEL om aktivitørfaget som fagskuleutdanning	2018/16480	
RS 13/19	Større saker til politisk behandling første halvår 2019	2018/16480	
RS 14/19	Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana	2018/16480	
PS 36/19	Ymse		
PS 37/19	Høyrings svar - NOU 2018:16 - det viktigaste først - prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane	2018/16480	
PS 38/19	Høyrings svar - Forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.	2018/16480	
PS 39/19	Forslag til uttalar frå den nasjonale eldrerådskonferansen	2018/16480	
PS 40/19	Økonomisk støtte til medisinsk fotterapi	2018/16480	
PS 41/19	Avklaring rundt middagen under Vestlandskonferansen	2018/16480	
PS 42/19	Tema for orienteringar i møtet 19.06.19	2018/16480	
PS 43/19	Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana	2018/16480	

PS 32/19 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Møteinnkallinga vart godkjend utan merknader.

PS 33/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) peika på at det under Røysting i PS 28/19 står «Fylkesrådmannen sitt vedtak vart samrøystes vedteke», der riktig formulering skal vere «Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke»

Møteprotokollen frå 14.03.2019 vart godkjend med den merknaden som er nemnd over.

PS 34/19 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje RS 14/19 på sakslista for møtet utan saksførelegg:

- PS 43/19 Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana.

Sakslista vart godkjend med den merknaden som er nemnd over.

PS 35/19 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

RS 10/19 – 13/19 vart refererte.

RS 14/19 vart sett som ny politisk sak på sakskartet.

PS 36/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) opplyste at ho har vorte intervjuet av Deloitte om samarbeidet med fylkeskommunen om TT-kort. Kontrollkomiteen er oppdragsgjevar, og rapport/referat vert utarbeidd av Deloitte. Fylkeseldrerådet er sams i at samarbeidet med samferdselsavdelinga har vore godt, og at rådet har fått gjennomslag for viktige saker når det kjem til ordninga med TT-kort.

Det har kome ei ny påmelding til Vestlandskonferansen, og det er no 21 deltakarar.

Fylkeseldrerådet vil byrje arbeidet med programmet til Haustkonferansen når Vestlandskonferansen er overstått. I samband med PS 41/19 fekk likevel Gunvor R. Opedal klarsignal til å kontakte Jimmy Næs for å høyre om han kan stille med kulturelt innslag første dag av Haustkonferansen.

Monrad Reigstad (PF) rapporterte frå to-dagars møte i Helse Bergen om temaet brukarmedverknad.

Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV) løfta fram temaet pasientreiser. Fylkeseldrerådet er sams i at pasientreiser er eit tema dei vil arbeide meir med vidare.

PS 37/19 Høyringsssvar - NOU 2018:16 - det viktigaste først - prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

PS 38/19 Høyringsssvar - Forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

PS 39/19 Forslag til uttalar frå den nasjonale eldrerådskonferansen

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag (A):

«Første kulepunkt i uttaleforslag nr. 1 endrast til «Pensjonistene må få tilbake forhandlingsretten», og første setning i sjølve teksten omgjerast til eit fjerde kulepunkt: «Om partene ikke oppnår enighet, skal trygdeoppgjøret videresendes til Stortinget.»

Gunvor R. Opedal (PF) sette fram følgjande forslag (A):

«Ein innfører kulepunkt i innleiinga i uttaleforslag nr. 5, før resten av teksten følgjer som bakgrunn:

Den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd vil:

- Oppfordre reiseoperatørar til å legge opp turtilbod frå heile landet.

- Stille krav til reiseoperatører og hotell om å fjerne enkeltromstillegg.

[Her følger bakgrunn: Den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd vil innstendig oppfordre ...]»

Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV) sette fram følgjande forslag:

«Ny tittel på uttaleforslag nr. 6:

Det må leggjast til rette for auka IT-kompetanse blant eldre.»

Gunvor R. Opedal (PF) sette fram følgjande forslag (B):

«Solbakken sitt forslag vert ny underoverskrift på uttaleforslag nr. 6.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag (B):

«Forslaga til uttalar vert diskutert vidare med deltakarane på Vestlandskonferansen.»

Fylkeseldrerådet sa seg samrøystes einige i (redigert) uttale nr. 2, 3, 4, 7, og 8.

Røysting

Falao Sparre sitt forslag (A) vart samrøystes vedteke.

Opedal sitt forslag (A) vart samrøystes vedteke.

Solbakken sitt forslag vart vedteke med 6 røyster mot 1 røyst for Opedal sitt forslag (B).

Falao Sparre sitt forslag (B) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet stiller seg bak (redigert) uttale nr. 2, 3, 4, 7, og 8. Fylkeseldrerådet vil diskutere forslaga til uttalar med deltakarane på Vestlandskonferansen, men går inn for å framsetje endringsforslag til (redigert) uttale nr. 1, 5 og 6 på den nasjonale eldrerådskonferansen slik:

- Første kulepunkt i uttaleforslag nr. 1 endrast til «Pensjonistene må få tilbake forhandlingsretten», og første setning i sjølve teksten gjerast om til eit fjerde kulepunkt: «Om partene ikke oppnår enighet, skal trygdeoppgjøret videresendes til Stortinget».
- Ein innfører to kulepunkt (1. Oppfordre reiseoperatørar til å legge opp turtilbod frå heile landet. 2. Stille krav til reiseoperatører og hotell om å fjerne enkeltromstillegg) i innleiinga i forslag nr. 5, før resten av teksten følgjer som bakgrunn.
- Forslag nr. 6 får følgjande overskrift: «Det må leggjast til rette for auka IT-kompetanse blant eldre.»

PS 40/19 Økonomisk støtte til medisinsk fotterapi

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet utarbeidar ein uttale om at naudsynt medisinsk fotterapi bør omfattast av ordninga med frikort for helsetenester, eller eventuelt andre stønadsordningar. Uttalen kan sendast til Helse- og omsorgsdepartementet, Stortinget sin helse- og omsorgskomiteé, og til eldre- og folkehelseministeren.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Monrad Reigstad (PF) sette fram følgjande forslag:

«Følgjande uttale sendast til Helse- og omsorgsdepartementet, Stortinget sin helse- og omsorgskomite, og til eldre- og folkehelseministeren:

Økonomisk støtte til medisinsk fotterapi.

Det gjeld fotpleie for eldre, især minstepensjonistar. Fotpleie hjå autorisert fotterapeut kostar i dag ca. 700,- for ein time, og er tilrådd kvar 6. veke. Det er viktig at eldre, og då særskild dei som har diabetes, får stelt føtene sine regelmessig hos profesjonelle fotterapeutar, men prisen tilseier at for ein minstepensjonist utan ekstra midlar vert dette for dyrt. Det hadde difor vore på sin plass at denne gruppa betaler eigenandel for fotpleie, og at resten vert dekkta av NAV.

Diabetes gjer opptil 34 gonger auka risiko for amputasjonar, dei fleste av desse amputasjonane kunne ha vore unngått med god fotpleiebehandling. Fotkontroll er viktig, særskild for eldre og personar som har hatt diabetes over mange år. At nokon opplever at prisen for fotterapi er for høg til at dei kan oppretthalde naudsynt behandling kan få alvorlige konsekvensar og forringa livskvalitet, også i form av passivitet og isolasjon.

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil oversende denne uttalen til Helse- og omsorgsdepartementet, Stortinget sin helse- og omsorgskomite, og til eldre- og folkehelseministeren, og be om at denne gruppa kjem inn under forskrift om stønad til dekking av utgifter (jfr. forskrift av 25. september 2018 nr 1465 om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi m.m.).»

Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV) sette fram følgjande forslag:

«Tredje setning i andre avsnitt endrast til:

At nokon opplever at kostnaden for fotterapi er for høg til at dei kan oppretthalde naudsynt behandling kan føre til alvorlege konsekvensar og forringa livskvalitet, som einsemd, passivitet, immobilitet, og at ein vert utsett for fleire ulike komplikasjonar som følgje av dette.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«Uttalen, dersom vedtatt, vil verte språkvaska.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart ikkje røysta over.
Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Reigstad sitt forslag til uttale, med Synnøve Solbakken sitt endringsforslag, gjennomgår ein språkvask og sendast til Helse- og omsorgsdepartementet, Stortinget sin helse- og omsorgskomite, og til eldre- og folkehelseministeren.

PS 41/19 Avklaring rundt middagen under Vestlandskonferansen

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Helene Reigstad står for det kulturelle innslaget under middagen.»

Røysting

Gunda Falao Sparre (LOP) sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Helene Reigstad står for det kulturelle innslaget under middagen.

PS 42/19 Tema for orienteringar i møtet 19.06.19

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag (A):

«Opplæringsavdelinga og Skyss vert inviterte til møtet 19.06.19 for å orientere om same tematikk som dei opphavleg vart inviterte til å orientere om i møtet 11.04.19.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag (B):

«Samferdselsavdelinga vert inviterte til møtet 19.06.19 for å orientere om korleis dei arbeider med nye Vestland fylkeskommune.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag (C):

«Kultur- og idrettsavdelinga og økonomiavdelinga er aktuelle for møtet 06.09.19. Frå økonomiavdelinga er det ynskjeleg å få informasjon om fylkeseldrerådet sitt budsjett i nye Vestland fylkeskommune.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag (A) vart samrøystes vedteke.

Falao Sparre sitt forslag (B) vart samrøystes vedteke.

Falao Sparre sitt forslag (C) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Opplæringsavdelinga og Skyss vert inviterte til møtet 19.06.19 for å orientere om same tematikk som dei opphavleg vart inviterte til å orientere om i møtet 11.04.19.

Samferdselsavdelinga vert inviterte til møtet 19.06.19 for å orientere om korleis dei arbeider med nye Vestland fylkeskommune.

Kultur- og idrettsavdelinga og økonomiavdelinga er aktuelle for møtet 06.09.19. Frå økonomiavdelinga er det ynskjeleg å få informasjon om fylkeseldrerådet sitt budsjett i nye Vestland fylkeskommune.

PS 43/19 Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å sette RS 14/19 Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet sender følgjande uttale til administrasjonen, slik at den kan ligge som vedlegg til vidare saksgang:

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama føreslått reglement for fylkeseldrerådet i nye Vestland fylkeskommune i PS 43/19 i møtet 11.04.19.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er tilfreds med at vi er høyrde i den nye forslaget til reglement for fylkeseldrerådet, slik det sett fram frå prosjektleiar.

Vi er tilfreds med at talet på rådsmedlemar vert utvida til ni medlemar, med sju frå fylket sine omfattande pensjonistforeiningar og to politikarar.

Vi vonar at dette vert godkjend i fellesnemnda. Vi er også samde i at eventuelle endringar i forskrifta om eldreråd som no er ute til høyring, vil verta innarbeid i reglementet på eit seinare tidspunkt, når dei føreligg frå departementet.

Fylkeseldrerådet i Hordaland
v/ leiar»

Odd Himle (SN-H) sette fram følgjande forslag:

«Ny setning på slutten av tredje avsnitt:

Leiar og nestleiar skal veljast blant representantane frå pensjonistorganisasjonane.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Himle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Sparre sitt forslag til uttale, med Himle sitt tilleggsforslag, sendast til administrasjonen for å liggje ved vidare saksgang for arbeidet med reglement for medverknadsorgana.